

Mor, far eller ein vaksen du kjenner godt skal vere med deg heile den tida du er på barnerøntgen.

Når du kjem til barnerøntgen må du først vente litt på eit rom der du finn leiker og bøker som du kan låne.
Ein av oss som jobbar her vil helse på deg når du kjem.

leikerommet 



Her er benken du ligg på når vi tar biletet av deg

Kva er eit røntgenbilete?

Eit røntgenbilete syner korleis vi ser ut inne i kroppen. Bileta ser heilt annleis ut enn eit vanleg foto, difor er det mest dei som jobbar på sjukehuset som skjønner kva dei ser på bileta.

Korleis tar ein røntgenbilete?

Når det blir din tur følgjer vi deg inn til rommet der røntgenapparatet står. Røntgenapparat er mykje større enn vanlege fotoapparater.

Vi skal ta biletet av magesekken din.

Magesekken er staden mat og drikke samlar seg når du et og blir mett. For at vi skal kunne sjå mage-sekken din på biletet må du først drikke saft eller mjølk som inneheld noko som vi kallar kontrast. Kontrasten gjer at magesekken blir synleg på røntgenbilete.

Du vil nok synes at safta eller mjølka smakar litt annleis enn til vanleg.

Når du drikker mjølk eller saft med kontrast kan vi sjå på røntgenbilete korleis drikken fyller magen.

Det er viktig at du er heilt i ro akkurat når vi tar biletet, slik at dei blir klare og fine. Vi vil fortelje deg når du må vere i ro og når du kan røre deg att. Vi seier frå til deg når du kan kle på deg og dra heim.

Informasjon til vaksne 